



Naturfotografen Jan Grønseth har Skorpo med i ein av episodane i programmet Helt naturleg.

Skorpo er i media sitt søkjeljos. Det er ikkje nok med at NRK har sendt dokumentaren Der ingen skulle tru at nokon kunne bu. Det neste er naturprogrammet Helt naturleg med filming frå fjellgarden Bjørnebøle og frå Johannes Hauge og gardsdrifta hans på Skorpo. Filminga vart gjort tidleg i august månad av Jan Grønseth. Episodane frå Kvinnherad vert truleg sende ein gong på våren 2019.

Jan Grønseth er naturfotograf og lagar i denne omgang fem episodar på freelance basis. Han sel sine produksjonar til ulike TV selskap. I 2016 var det NRK som synte Helt naturleg med innslag frå Omvikdalen.



[Hønsegarden på tunet til Johannes Hauge er med på filminga.](#)

Kontaktperson i Kvinnherad Hans Ølver Sandvik fortel til Uskedalen.no at filminga hos Hohannes Hauge var vellukka. Han var sjølv med til Tunet i der blå på Skorpo. Johannes synte fram og fortalde om drifta si på gardsbruket. Opptaket har med høying, stiing av sauer og arbeid i potetåkeren. Johannes syner også fram firhjulingen sin, hønsegarden, røykstova og den gamle løa.

På fjellgarden Bjørnebøle vert det filma både ute på tunet og inne i dei nyrestaurerte gardshusa. Håkon Bjørnebøle er langt inn i fjellet og fortel om tradisjonane med sauesamling og fjelliv.

Tilsaman vert det 20 minuttar sendetid frå Kvinnherad, fordelt på to episodar. I tillegg til Bjørnebøle og Skorpo, er det filma frå fiske med garn og stolpeline i Storsund og frå fiske med stong i Matrefjorden.

Det er ikkje avklart om Helt naturleg vert å sjå på NRK eller TV2.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Siv Framnes/Kristian Bringedal



Johannes Hauge i firhjulingen sin på veg til sjøen for å henta varer.